

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2018	Radøy eldreråd	PS	10.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/1479	18/12554

Budsjett 2019 - innspel frå eldrerådet

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Arbeidet med budsjett for 2019 i Radøy kommune er i startfasen. Dette er det siste budsjettet som skal vedtakast i Radøy kommune si historie. Budsjettet for 2020 er det dei folkevalde i Alver kommune som skal godkjenna.

Det er tradisjon at eldrerådet kjem med innspel til neste års budsjett. No vert dei inviterte til å koma med sine prioriteringar før prosessen er kome skikkeleg i gang, og rådet kan på den måten vera i forkant av budsjettarbeidet.

Økonomiplanen for 2019-22 vart vedteken av kommunestyret i møte 22. juni 2018. Økonomiplanen er retningsgjevande for budsjettarbeidet for 2019.

Statsbudsjettet vert lagt fram 8. oktober, med endelege rammer for frie inntekter. Statsbudsjettet legg føringar for budsjettprosessen vidare også i kommunen.

Etter planen skal endeleg budsjettframlegg vera klart 24. oktober, og formannskapet har sitt første budsjettmøte 8. november. På formannskapet sitt møte 22. november legg formannskapet sitt budsjettframlegg ut til høyring, innan fristen på 14 dagar før kommunestyret skal gjera endeleg vedtak om 2019-budsjettet.

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande innspel til budsjettet for 2019:

Radøy eldreråd - 015/2018

ELD - handsaming:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om økonomiplan 2019-2022, som kommunestyret tidlegare i år har vedteke. Han gjorde merksam på at tala for 2020-22 er "tenkte tal". der ein ser på kva Radøy kommune ville hatt av inntekter og kostnader om me held fram som eigen kommune. Økonomisjefen sa at fellesnemnda for Alver har lagt føringar for kommunane sitt arbeid med budsjett og økonomiplan. Han peika på at det frå 2020 vil skje endringar med uviss verknad for inntektssystemet. Det gjeld mellom anna innlemming av øyremerka tilskot til ressurskrevjande brukarar, ny distriktsindeks, innlemming av øyremerka tilskot til lætarnorm, og nye kriterier og vektning knytt til tenester inann rus, psykiatri og psykisk utviklingshemma.

Økonomisjefen viste til auka kostnader mellom anna til høgare rente- og avdragsnivå, pedagog- og

bemanningsnorm, og auke knytt til ressurskrevjande tenester. Han konstaterte at det vil vera trong for innsparing kvart år frå 2020, totalt om lag 23 mill. i perioden 2020-22 for å ha eit akseptabelt økonomisk resultat, noko som vil tilsvara ca 35 årsverk.

Eldrerådet kjem med følgjande innspel til budsjett for 2019:

Eldrerådet ber om at ein ser på mulegheiten til å nytta romma 151-154 på Velferdssenteret i tilknytning til Dagstova. Dette for å kunne gje eit meir individuelt og variert tilbod på dagavdelinga.

Eldrerådet etterlyser dagtilbod for ulike brukargrupper som ikkje har lovfesta rett til tilbod. *Rådet har inntrykk at det er eit udekka behov for aktivitetar på dagtid, og ber om ei kartlegging. Å sikra dagtilbod for ulike brukargrupper vil vera førebyggjande og gje stor auke i livskvaliteten jfr kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2018-2028.*

ELD - vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande innspel til budsjett for 2019:

Eldrerådet ber om at ein ser på mulegheiten til å nytta romma 151-154 på Velferdssenteret i tilknytning til Dagstova. Dette for å kunne gje eit meir individuelt og variert tilbod på dagavdelinga.

Eldrerådet etterlyser dagtilbod for ulike brukargrupper som ikkje har lovfesta rett til tilbod.

Rådet har inntrykk at det er eit udekka behov for aktivitetar på dagtid, og ber om ei kartlegging. Å sikra dagtilbod for ulike brukargrupper vil vera førebyggjande og gje stor auke i livskvaliteten jfr kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2018-2028.

Vedlegg:

Økonomiplan 2019-22 - handsaming i kommunestyret 21. juni 2018

Økonomiplan 2019-22